Årsrapport 2024 Omstillingsprogrammet i Sykkylven kommune

Handsama av styret i omstillingsprogrammet Sykkylven: 5.2.2025

Vedteken av kommunestyret i Sykkylven 24.2.2025





Innhald

1. 2024 i tal 3
2. Innleiing 5
3. Om programmet 6
4. Overordna mål og resultat 8
5. Aktivitetar 10
6. Programstatusvurdering 2024 18
7. Finansiering og budsjett 2024 20
8. Inntekter og utgifter 2024 21
9. Vedlegg 22

2024 i tal

Totalramme // **7 millionar kr**

Prosjekt innvilga i bedrifter/nettverk // **16 stk.**
Totalkostnad for alle prosjekt om lag 4,3 mill., innvilga midlar i frå omstilling om lag 2 mill.

Fellesprosjekt for opplevingsnæring og sentrumsutvikling // **4stk**
Om lag 400.000kr til utvikling av sykkylven.com og fellesprosjekt med Tettstadsutviklingsprosjektet.

Store program gjennomført // **1 stk.**
560.000kr frå omstillingsprogrammet, 300.000kr frå Innovasjon Norge, pluss mange tima i eigeninnsats i frå bedrifter utgjer innsatsen i SMB Utvikling i 2024.

Ekstra midlar utløyst frå det offentlege
- til vekstprogram i bedrift // **300.000kr** frå Innovasjon Norge
- Til kurs/kompetanseheving // 45.000 frå Innovasjon Norge

Koplingstreff/seminar FoU+næringsliv // **5 stk.**

Samarbeidsforum Skulenær // **3 stk.**

Prosjektleiarkurs // **4 stk.**

Bedriftsbesøk med næringsteamet // **4 stk.**

Frukostmøter // **9 stk.**

Nye og sikra arbeidsplassar // **14 stk.**
Meldt inn potensiale for 12 nye arbeidsplassar i 2025

Prosentvis fordeling bruk av midlar på
- aktivitetar/støtte næringsliv // **58 %**
- admin og programleiing // **24 %**
- overførast til aktivitet 2025 // **18 %**

Når meir samarbeid er målet

…skapar vi møteplassar

- FoU workshops
- Frukostmøter
- Seminar
- SNAKKAST

Når meir aktivitet i frå våre regionale samarbeidspartnarar er målet

…så inviterar vi dei hit! Og dei skapa enno meir aktivitet lokalt!

NHO, NTNU, Framtidslaben, Destinasjon Ålesund og Sunnmøre, Innovasjon Norge og mange fleire!

Med mangel på arbeidskraft inn i framtida

…så gjer vi oss attraktive og aktuelle

- Tettstatdsutvikling
- Bli med hit
- Snakkast
- Teknologifestivalen UNG

Sidan vi ønska meir kjennskap til kvarandre

…så

- Deler vi artiklar med bedriftshistorier
- Reiser næringsteamet på bedriftsbeøk
- Inviterar omstillingsstyret bedrifter til å dele sine prosjektidear i styremøter

Når innovative og utviklingsorienterte bedrifter er målet

…dyttar vi med tiltak som

- SMB Utvikling
- Prosjektmidlar
- Vere koplingsboks til FoU ++
- Inspirasjon gjennom møteplassar

Innleiing

2024 har vore eit år der det har godt for norsk næringsliv generelt, men vore eit tøft år for små- og mellomstore bedrifter i som levera til norske konsumentar eller til eksport, noko som gjeld mykje av industrien vår i Sykkylven.

Med dyrtid prioriterast forbruksvarer som møblar ned, bedriftene knytt til møbelnæringa er framleis i ein krevjande periode. Byggenæringa og leverandørar til nybygg har også gått trått. På den andre sida er der andre næringar det går godt med, som maritim industri og forsvarsindustri.

På den positive sida har vi i Sykkylven fått vekst igjennom at fleire selskap har valt å legge sine arbeidsplassar hit i 2024. Dette er med på å skape den bredda i næringslivet som vi har sett som mål. Eit døme er selskapet Trafsys som driv med trafikkstyringssystem i tunellar, dei har hovudkontor i Bergen og oppretta avdeling i Sykkylven, dei har 4 arbeidsplassar her per i dag.

Samtidig har vi bedrifter i anna næring der det går godt, eksempelvis knytt til elektrifisering og til næring knytt til marin og maritim industri. Næringsteamet i kommunen prioritera bedriftsbesøk, nettopp for å få kjennskap til og dialog om kva bedriftene har av utfordringar, og for å best mogleg kunne legge til rette for vidare utvikling.

Rekruttering av spesialisert arbeidskraft er utfordrande, da det er knappheit på desse ressursane, og det påverkar utviklinga i den enkelte bedrifta som ønska å utvikle seg. Næringslivet, NAV, skular, opplæringskontor og kommunen har tett dialog knytt til behov for arbeidskraft og utdanning, ledig arbeidskraft og moglegheiter for å få folk raskt ut i arbeid igjen, dette gjennom nettverket Skulenær og andre treffpunkt.

Norge treng også fleire gründera, og hausten 2024 la regjeringa fram ei gründermelding. Utviklinga i etablering av føretak dei siste åra har vore negative for vår region, men vi ser stadig eit sterkare økosystem rundt det å etablere bedrift, eksempelvis programmet Næringsteft i regi av Sparebanken Møre, der fleire oppstartbedrifter i frå Sykkylven har deltatt dei siste åra. Eit døme på ei lokal gründerbedrift er Brennevinsgrova AS, som i 2024 fekk Bedriftsutviklingsprisen i landbruket frå Innovasjon Noreg for sin produksjon av handverksgin, akevitt og whisky basert på lokale råvarer. (innovasjonnorge.no)

Helge Gjerde, regiondirektør for Innovasjon Noreg i Møre og Romsdal, uttala i denne samanhengen:

«Vi er stolte over å tildele årets bedriftsutviklingspris til Brennevinsgrova AS. Harald Strømmegjerde har gjort ein imponerande jobb med å byggje ein sterk merkevare som kombinerer tradisjon og innovasjon. Brennevinsgrova har ikkje berre skapt produkt av høg kvalitet, men dei bidreg også til lokal verdiskaping».

I opplevingsnæringane våre har vi ikkje nådd målet vårt i tal utviklingsprosjekt, men vi har fleire bedrifter knytt til reiseliv som no er med i SMB Utvikling 2024/2025. Ei svært positiv nyheit i år var etableringa av Reiselivsforum, som i tillegg har knytt seg til Sykkylven Industri- og Næringslag som ei bransjegruppe.

Møteplassane vi har bidratt til å skape i 2024, folka og organisasjonane vi har bidratt til å kople, vonar vi er med på å legge grunnlaget for eit attraktivt næringsliv i Sykkylven også framover.

Om programmet

Vi har no gjennomført år fire av seks i omstillingsprogrammet, og ser her tilbake på 2024 og dei måla som var satt og den aktiviteten som vart gjennomført.

Sykkylven kommune har omstillingsstatus frå 2021 til og med 2026, med mål om å bidra til å skape nye og sikre 170 arbeidsplassar i Sykkylven i denne perioden.

Bakgrunnen for å søke status som omstillingskommune var ønske om å utvikle ei bredde i næringslivet i Sykkylven, for å redusere den sårbarheita som kjem av ein einsidig næringsstruktur. **Omstillingsprogrammet ønska å bidra til ei vidareutvikling av eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar og slik bidra til eit meir robust næringsliv som er berekraftig inn i framtida. Omstillingsarbeidet skal òg bidra til å styrke Sykkylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune.**

Det er valt fire prioriterte innsatsområde i omstillingsplanen:

1. Skaparglede i næringslivet
2. Opplevingsnæringar
3. Samarbeid og nettverk
4. Attraktive Sykkylven



Omstillingsprogrammet kjem i tillegg til det ordinære næringsutviklingsarbeidet i Sykkylven kommune, som Sykkylven Næringsutvikling (SNU) varetek, SNU og omstillingsprogrammet samarbeida difor tett for å best mogleg kunne hjelpa næringslivet. SNU og omstillingsprogrammet har også ei viktig oppgåve i å jobbe for å sikre eit lokalt næringsapparat inn i framtida, slik kommunen og næringslivet ønska det.

I 2024 og 2025 har vi også bidratt til at Sykkylven kommune har fått til ei satsing på tettstadsutvikling, og med midlar i frå fylkeskommunen så har vi eit eige Tettstadprosjekt. Omstillingsprogrammet og Tettstadprosjektet samarbeidar også tett, med mål om å styrke Sykkylven sin attraktivitet.

Styre og organisering

Organisasjonsform og eigarskap
Omstillingsarbeidet er organisert som eit program eigd av Sykkylven kommune. Programmet er ansvarleg for å gjennomføre det ekstraordinære arbeidet med næringsutvikling og rapportera til kommunestyret.

Omstillingsstyret
Omstillingsstyret er satt i saman av representantar frå kommunen og næringslivet. Innovasjon Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune, kommunedirektør i Sykkylven kommune og dagleg leiar i Sykkylven Næringsutvikling AS er observatørar i styret. Omstillingsstyret er ansvarleg for utarbeiding av strategi og handlingsplan for omstillingsprogrammet. I 2024 vart det gjennomført 8 styremøte, 1 programstatusvurdering og 1 styreseminar i omstillingsprogrammet.

Gjennom året har det vore to endringar i styresamansetjing; 1. Observatør Anne Helgesen, Innovasjon Norge gjekk ut grunna pensjonering i august og Alfred Øverland, Innovasjon Norge kom inn, og 2. Øystein Vikingsen Fauske gjekk ut som representant for styret i Sykkylven Næringsutvikling, Per Kjetil Våtmyr kom inn.

Medlemmar i omstillingsstyret ved utgangen av 2024:
1. Styreleiar - Sykkylven kommune, ordførar Olav Harald Ulstein
2. Politisk representant, Torill Velle
3. Politisk representant, Clara Strømmegjerde
4. Sykkylven Industri- og Næringslag, styremedlem Leif Jarle Aure
5. Sykkylven Handelsforening, leiar Kåre Atle Vangen
6. Ekornes, Berekraftansvarleg Solveig Gaundal
7. Driv Design, Åse Fet
8. Styremedlem SNU, Per Kjetil Våtmyr

Observatørar i omstillingsstyret med møte- og talerett:
1. Innovasjon Norge, spesialrådgjevar omstilling Alfred Øverland
2. Møre og Romsdal fylkeskommune, rådgivar kompetanse og næringsavdelinga, May-Britt Roald
3. Sykkylven kommune, kommunedirektør Torbjørn Ove Emblem
4. Sykkylven Næringsutvikling, Åsne Folstad
5. Programleiar omstillingsprogrammet, Lise Haukeberg

Overordna mål og resultat

Hovudmålet for omstillingsprogrammet er å bidra til å skape ein meir robust og variert næringsstruktur, gjennom å vidareutvikle eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar.

Omstillingsarbeidet skal og bidra til å styrke Sykkylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune. Det er sett eit måltal på til saman 170 nye og sikra arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-26.

Omstillingsprogrammet har i 2024 støtta 16 utviklingsprosjekt i bedrifter og nettverk, og gjennomført 1 større aktivitet; utviklingsprogrammet for bedrifter som heiter SMB Utvikling.

Vi har hatt fleire koplingstreff med bedrifter for å stimulere til forskings- og utviklingsaktivitet. Vi har også hatt ei rekke mindre aktivitetar knytt til møteplassar, kompetanseheving og rekruttering av arbeidskraft.

Totalt har omstillingsprogrammet bidrege til å sikre 10 arbeidsplassar og skape 4 nye arbeidsplassar i 2024, totalt 14. Dette er 18 færre arbeidsplassar enn målet som var 32. Vi tel brutto arbeidsplassar og berre bedrifter som har vore med på aktivitet og prosjekt støtta av omstillingsprogrammet. Sjå s.17 for meir om arbeidsplassmål.

Omstillingsprogrammet som drivkraft for utvikling

Omstillingsprogrammet har i 2024 vore ein sentral aktør for å initiere og støtte opp under nye utviklingsprosjekt i kommunen. Gjennom sitt arbeid fungerer programmet som både ein tilretteleggjar og ein viktig koplingsaktør, noko som har bidrege til å setje fleire spennande prosjekt ut i livet.

Eit av prosjekta som har hatt framgang er tettstadprosjektet, som fekk midlar i 2024 og også no for 2025. Målet for tettstadprosjektet er å skape meir aktivitet i Sykkylven, noko som er avgjerande både for å auke bulyst og for å leggje grunnlaget for vidare næringsutvikling.

Omstillingsprogrammet har også vidareført sitt samarbeid med det nasjonale kompetansesenteret PlussLab, der programmet har ein styreplass som sikrar Sykkylven kommune sin posisjon som interessent og medstiftar. PlussLab er ein nøkkelpartnar i arbeidet med å stimulere forskings- og utviklingsaktivitet blant lokale bedrifter. I 2023 vart det mobilisert bedrifter frå både Stranda og Sykkylven til eit felles prosjekt innan industriell symbiose, TEKSTUR, som sikra prosjektmidlar på 750.000 kroner frå fylkeskommunen. Dette prosjektet vart gjennomført i 2024, det resulterte også i fleire mindre samarbeidsprosjekt, og det har vidare rigga seg for neste steg og søkt støtte til TEKSTUR 2.0 i frå Innovasjon Norge til vidare prosjekt i 2025.

Eit heilt nytt prosjekt i 2024 var konseptet SNAKKAST, eit samarbeidsprosjekt mellom fleire lokale aktørar. Tiltaket handlar om å bygge attraktivitet og jobbe med rekruttering gjennom relasjonsbygging og kompetansedeling. Dei første arrangementa har fått god oppslutning og støtte, og det er eit prosjekt vi meina er viktig å jobbe vidare med i åra framover.

På dei neste sidene blir noko av programaktiviteten trekt fram. Sjå vedlegg 1 for oversikt over totalt innvilga tilsegn til bedriftsretta prosjekt og nettverksprosjekt.

Aktivitetar

Frukostmøte:

19. januar // Gründerreise, produktutvikling, samarbeid,ny teknologi // Tor, Arne og Pål, Marconnect

16. februar // Gründer og Business angel // Mathias Hovet

1. mars // Velferdsteknologi // Søgni Grøndal, Sykkylven kommune og Cecilie Campbell, ALV M&R

5. april // Styrearbeid: har du et aktivt styre, nye krav til kvinnerepresentasjon i AS // Gunnar Hareide

3. mai // KI - Microsoft Copilot // Next Digital, Microsoft Norge og Twoday

28. juni // Bedriftshistorie og FoU/FoI-samarbeid // Kai og Bjarne, Pla-Mek

30. august // Employer branding // Monika Vartdal Giske, Sunnmørsposten/Polaris media

18. oktober // E-commerce // Håvard Utne og Camilla Skarshaug, Twoday

8. november // Sjukefråvær og førebygging // Ester Vinje og Julianne Berge, Muritunet

Kurs & seminar

18. mars // PLP-kurs // Næringsliv

19. mars // PLP-kurs // Kommunen

22. august // Brobygging mellom generasjoner på jobb // Trude Falck Bjånes, itstimeout

2. oktober // SoMe Workshop for opplevingsnæringar // Destinasjon Ålesund & Sunnmøre

19. november // PLP-kurs // Næringsliv

20.+21. november // PLP-kurs // Kommunen

Samarbeidsforumet Skulenær

3 møter // 2 første halvår + 1 andre halvår

Koplingstreff næring + forsking, utvikling og moglegheiter

3. juni // Delingsseminar TEKSTUR-prosjektet, PlussLab

4. april // NTNU studentar på bedriftsbesøk i Sykkylven

26. september // Grønt industriløft og berekraftsreguleringar // seminar med fylket, IN, lokale og regionale bedrifter

22. oktober // EDIN-prosjekt om digitale nomadar i Geiranger, moglegheiter i Sykkylven

Næringsteam - bedriftsbesøk

16. januar // Ekornes

4. april // Sykkylven Stål

18. juni // Sjøbakken Fjord Camping

4. oktober // Trafsys

Næringsteam – Læring for næring med KS og fylkeskommunen

4 møter // 2 første halvår + 2 andre halvår

Rekrutteringsarrangement

11.april // Bli med hit – Oslo

mai juni // TF UNG og Teknologifestivalen

21.november // Bli med hit - Trondheim

21. november // SNAKKAST – Trondheim

22. desember // SNAKKAST tett på jula - Sykkylven

Programleiarsamling Omstillingsprogrammet - Otta, Sel kommune

17. - 19. september // Lise, programleiar // erfaringsutveksling rundt omstillingsarbeidet

SMB Utvikling 2023/2024

SMB Utvikling er eit program for små og mellomstore bedrifter som ønska å vekse og utvikle seg vidare. Det er eit program vi køyrer med støtte i frå både omstillingsprogrammet og Innovasjon Norge.

Sandella var med i programmet SMB Utvikling i 2023/2024.

Deltakinga i omstillingsprogrammet leia bedrifta til eit forstudium, med hovudmål om marknadskartlegging av moglegheitene for nye produkt inn mot oppdrettsnæringa. Under forstudiet fekk Sandella mellom anna oppdrag med å utvikle eit nytt produkt i samarbeid med en ny kunde, samtidig som dei fekk gjort ei grundig kartlegging av marknaden. Dette ga dei ikkje berre nye idear, men også eit godt grunnlag for det videre arbeidet inn mot oppdrettsnæringa.

Les meir om Sandella sitt prosjekt og si deltaking i SMB Utvikling her.

SMB Utvikling 2024/2025

Desse bedriftene er med i årets kull: Sunnmørsalpane Skiarena Fjellsetra, Raus, DIS Kaffebar, Jarnes Industripark, Mestre AS, FunkFit Sykkylven og Blakstad Mekaniske.

Sandella sikter mot maritime moglegheiter

Jan 23, 2025

Sandella ser mot den maritime sektoren som ein ny vekstarena. Gjennom deltaking i bedriftsutviklingsprogrammet SMB-utvikling har dei tatt grep for å utvide verksemda, med mål om å styrke seg i marknaden og få fleire bein å stå på.

SNAKKAST

« Vi treng ein arena i Sykkylven, der vi som er mellom 18-40 kan treffast, utvide nettverka våre, og snakke om det vi brenn for».

«Kva er snakkast?». Det spørsmålet var det fleire som stilte seg, då ein ny instagramprofil dukka opp over natta, med invitasjon til framtidige treff. Treff både i Trondheim og Sykkylven, der ein skulle snakkast? Snakkast om kva?

Snakkast er eit konsept som vil innta fleire former etter kvart som tida går. Hovudtanken er å samle unge med tilknytning til Sykkylven, for å nettverke, rekruttere, diskutere, engasjere. Aktivitetane vil gå over heile året, og vil variere mellom større og små treff med ulike tema.

21. desember blei det arrangert «Snakkast tett på jula», kor 80 stk møtte opp for å få påfyll, både sosialt og fagleg. Her hadde vi sofaprat med unge lokale gründerar, passionsnakk frå lokale festivalarrangørar og spesiallaga samtalekort til bruk ved borda.

Bak konseptet finn du representantar frå lokalt næringsliv, Sykkylven vidaregåande skule og Sykkylven kommune. Både omstillingsprogrammet og tettstadprosjektet er engasjert inn i arbeidet med Snakkast.

HP 2024 Innsatsområde 1: Skaparglede i næringslivet - Arbeidsplassmål: 32 felles mål for innsatsområde 1&2			
Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
A. Teknologi og marknad	Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere utviklingsprosjekt.	1. Gjennomføre forstudie SMB utvikling nr.3 2. Gjennomføre forprosjekt SMB utvikling nr.3	1. Gjennomført 2. Starta sept/okt 24
B. Bedriftsretta tiltak	Støtte utviklingsprosjekt (forstudiar og forprosjekt) frå bedriftene. Fokus på oppfølging av bedrifter for å sikre overgang frå forprosjekt til hovudprosjekt	1. Iverksett minimum 8 prosjekter	1. 9 Innvilga
C. Kompetanse og rekruttering	Avdekke kompetansebehov, samt initiere og gjennomføre kompetansehevende tiltak (nytte samarbeidspartnarar aktivt) Nytte samarbeidspartnarane Innovasjon Norge, Nordveggen, Framtidslaben, åkp og iKuben aktivt i kompetanseheving Pådrivar for, samt bidra til, å kople bedrifter og FoU-miljø Støtte og iverksette rekrutteringstiltak som sikrar bedriftene tilgang på kompetanse	1. Gjennomføre kartlegging kompetansebehov i bedriftene 2. Gjennomføre kartlegging av bedrifter som er omfatta av nye og aktuelle berekraftsreguleringar 3. Iverksett minimum 2 kompetansetiltak, basert på kompetansekartlegging 4. 1-2 PLP-kurs 5. Gjennomføre forprosjekt «Industriell symbiose» 6. Gjennomføre forprosjekt «Trainee/internship Sykkylven» 7. Vidareutvikle/-føre rekrutteringskampanje 8. «Bli med hjem» i Oslo vår, Trondheim haust	1. Prosjekt oktober-desember gjennomført 2. Heng i saman med 1. 3. Iverksetting til etter kartlegging gjennomført, start 2025 4. PLP mars, PLP i november 5. Gjennomført. TEKSTUR 2.0. i gong 6. Ny plan for 2025 i gong – kommunen sterkare involvert 7. Vidareført våren 24, vidareutvikla haust 24, inneber også nettverkssatsing SNAKKAST 8. Gjennomført vår og haust inkl. ny nettverkssatsing SNAKKAST. Samarbeid på tvers av kommunar nordre Sunnmøre under utvikling. Anna: Arrangert studietur m/bedriftsbesøk i Sykkylven for NTNU studentar vår 2024 TF UNG/UE/Jenter&teknologi vår 2024 Seminar TEKSTUR- deling vår 2024 Seminar BrobyGen haust 2024 Seminar Grønt Industriløft haust 2024

HP 2024 Innsatsområde 2. Opplevingsnæringane - Arbeidsplassmål: 32 felles mål for innsatsområde 1&2			
Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
D. Masterplan reiselivet	Støtte tiltak anbefalt i masterplan Sykkylven for opplevingsnæringane, og vidare konkretisert i handlingsplan for 2024	Iverksett minimum 2 tiltak frå handlingsplan	1. Ramme 100.000kr SNU for oppfølging masterplan 2. Webside Sykkylven.com 3. Fotoprosjekt webside sykkylven.com
E. Produkt og marknad	Støtte utviklingsprosjekt frå bedriftene som utviklar nye produkt og nye marknader for aktørane i opplevingsnæringane i Sykkylven Fokus på oppfølging av bedrifter for å sikre overgang frå forprosjekt til hovudprosjekt	Iverksett minimum 3 prosjekt	- 2 innvilga - 1 på veg inn
F. Kompetanse	Avdekke kompetansebehov, samt initiere og gjennomføre kompetansehevande tiltak Styrke samarbeid mot Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS) Bruke samarbeidspartnar DÅS, Innovasjon Norge og Nordveggen aktivt i kompetanseheving	Iverksett minimum 1 kompetansetiltak	1. Workshop pakketering (DÅS) 2. SoMe-kurs (DÅS) 3. Fermenteringskurs (Garden som ressurs/SNU) 4. 2x PLP-kurs også for opplevingsnæringane

HP 2024 Innsatsområde 3. Samarbeid og nettverk			
Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
G. Industri- og næring	Aktiv på drivar til og bidra til utvikling av nye nettverk Bidra til forsterking/vidareutvikling av eksisterande nettverk Bidra til eit meir berekraftig næringsliv	1. Kartlegge dagens nettverk 2. Støtte minimum 2 samarbeid/ nettverksprosjekt 3. Vidareutvikle samarbeidsforum for skule og næring «Skulenær» 4. Bidra inn i nettverk for gründere	1. Kartlegging gjennomført 2. Støtta 2 prosjekt 3. God oppslutning og under stadig utvikling 4. SNU held i hoppid og gründeraktivitet Anna: Bidreg ilag med Framtidslaben og NTNU om oppretting av eit ombruksnettverk for nordre Sunnmøre
H. Opplevings-næringar	Bidra til vidareutvikling av nettverk for aktørane i opplevingsnæringane Bidra til utvikling av samarbeidsarena/nettverk for aktørar i landbruk og lokalmat Bidra til å skape arena for samarbeid i skjeringspunktet mellom aktørane i reiseliv, opplevingar, lokalmat, design og kultur Støtte aktuelle prosjekt i samråd med masterplan reiseliv	1. Kartlegge dagens nettverk/samarbeidsarenaer 2. Iverksett minimum 1 samarbeids/nettverksprosjekt	1. Kartlegging gjennomført 2. Bidrar til vidareutvikling av nettverk reiselivsforum gjennom støtte til SNU for oppfølging av dette – Reiselivsforum etablert og har blitt ei bransjegruppe under Sykkylven Industri- og Næringslag Samarbeidsprosjektet Jord&Fjord sortera under 2. E.
I. Møteplassar («co-work»)	Bidra til møteplass på tvers av nettverk gjennom frukostmøte med dagsaktuelle tema Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere moglegheiter knytt til møteplassar for bedrifter, gründerar og ungdom	8 frukostmøte	9 frukostmøter gjennomført

HP 2024 Innsatsområde 4. Attraktive Sykkylven			
Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
J. Næringsvennleg kommune	Bidra til å følgje opp kommunen i hovudprosjekt Næringsvennlig kommune Forsterke ordinært næringsapparat Bidra til infrastrukturprosjekt som støttar opp under NVK	1. Gjennomføre forstudie og forprosjekt «vidareføring omstillingsprogram» (400.000-200.000 frå IN) 2. Gjennomføring av årleg tilfredsheitsundersøking blant bedriftene på kommunens næringsarbeid 3. Støtte og bidra inn i arbeid med Ungt Entreprenørskap (UE) 4. Støtte og bidra til vidareutvikling av SNU	1. Utsett til vår 2025 2. Gjennomført januar 24 3. Koplingsrolle, ny avtale kommune og UE haust 24 4. Ramme 100.000 SNU for vidareutvikling SNU Anna: -Onboarding av k.dir og ordførar i Næringsvennlig kommune -Næringsteam kvar 14.dag -Læring for næring (framtidsverktøyet) -PLP-kurs kommune - Kontorplass for strategiske samarbeidspartnarar
K. Møteplassar og kommunikasjon	Styrking og samordning av kommunikasjonsarbeidet retta mot næringsliv med kommunen og SNU Styrke det næringsretta kommunikasjonsarbeidet gjennom å medfinansiere og nytte felles ressurs for kommunikasjonsarbeid Vidareføre etablerte møteplassar mellom kommune og næringsliv og vere ein pådrivar for nye	1. Samordning av kommunikasjonsarbeidet med kommunen og SNU 2. Medfinansiering av felles ressurs for kommunikasjonsarbeid, prosjektstilling i 2024	1. Løypande, måndagsmøter 2. Finansiert kommunikasjonsressurs og har oppdragsbrev for kommunikasjon på vegne av omstilling prosjektperiode mars24-februar25 Vidareføring av møteplass: - Ordførar og teknisk sjef 1.torsdag i mnd. - Næringsteam på bedriftsbesøk
L. Sentrumsutvikling	Samordning av arbeid med næringsutvikling og tettstadprosjektet i kommunen	Bidra inn i tettstadprosjektet	- Støtte Tettstadsprosjektet – Lysa På & POP UP x Aure - Løypande sparring og samordning
M. Areal	Bidra til å synleggjere tilgjengelege tomteareal for næring og bustad, og ledige næringslokale og utleigebustad.	Utarbeide kommunikasjonsplan for synleggjering av areal i samarbeid med kommuneadministrasjon	Utsett til 2025

Arbeidsplassar

Det er sett eit måltal på til saman 170 nye og sikra arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-26. Tabellen her viser periodiserte mål for innsatsområda i omstillingsplanen og resultatet fram til og med 2024.

Totalt har omstillingsprogrammet bidrege til å sikre 10 arbeidsplassar og skape 4 nye arbeidsplassar i 2024, totalt 14. 12 av desse var innan innsatsområde 1. Skaparglede i næringslivet, 1 arbeidsplass innan innsatsområde 2. Opplevingsnæringane, og 1 arbeidsplass var innanfor innsatsområde 4. Attraktive Sykkylven. Dette er 18 færre arbeidsplassar enn målet som var 32.

Korleis tel vi? Arbeidsplassane blir dokumentert via brutto innrapportering av prosjektleiarrapportar frå enkeltprosjekt, i tillegg til dialog med aktørar. Ved årsslutt snakkar programleiar med alle aktørar som har motteke støtte i frå omstillingsprogrammet, uavhengig av om dei har eit avslutta prosjekt, og tel arbeidsplassar i samråd med dei. Utfordringar med å få tak i kvalifisert arbeidskraft avgrensa nokre bedrifter si evne til å tilsette. Det er også utfordrande å vekse i tal på arbeidsplassar når bedriftene våre er påverka av usikkerheitene i verden.

Utviklingsaktivitet og kompetanseheving som eventuelt skjer internt utan støtte og involvering i frå omstillingsprogrammet kan òg bidra til å sikre og skape arbeidsplassar, men dette er ikkje noko vi kan, eller skal, telje.

I tillegg til å telje arbeidsplassar er også auka utviklingsevne i bedriftene er eit av dei langsiktige effektmåla vi har sett oss for omstillingsprogrammet. Fokus på utviklingsevne og attraktivitet er uttala viktig for oss framover, og det har fått eit stadig større fokus frå Kommunal- og distriktsdepartementet og Innovasjon Norge, som driv tilskotsordninga for omstillingskommunar, der arbeidsplassmål er tona ned for nokre nye omstillingsprogram.

Arbeidsplassar	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
Skaparglede i næringslivet	10	15	25	27	25	30	**130**
Opplevingsnæringar	5	5	5	5	5	5	**30**
Samarbeid og nettverk	0	2	2	0	2	2	10
Attraktive Sykkylven	0	0	0	0	0	0	**0**
Sum mål arbeidsplassar	**15**	**22**	**32**	**32**	**32**	**37**	**170**
Resultat	11	22,8	23,5	14			
Avvik	-4	+0,8	-8,5	-18			

Programstatusvurdering 2024

Programstatusvurdering gjennomførast ein gong per år i heile omstillingsperioden, der hensikta er å kunne nytte en hel dag til å vurdere eige utviklingsarbeid, sjå heilheita i prosessane og saman konkretisere kor ein bør vurdere ytterlegare innsats for å bli betre. Vurderingane her er retta mot forbetringspotensialet, og er såleis ikkje ei balansert skildring av arbeidet i Sykkylven. Hovudkonklusjon frå programstatusvurdering 4. november 2024:

«Omstillingsprogrammet i Sykkylven jobber fortsatt godt med gjennomføring av handlingsplan og har god struktur i arbeidet. Programmet har jobbet godt med å styrke utviklingsevnen både i næringslivet og kommunen. Dette gjennom at de har benyttet SMB utvikling aktivt som verktøy, stor deltakelse på PLP kurs som er kjørt minimum 2 ganger pr år, godt tilfang av søknader på utviklingsprosjekter i næringslivet, gjennomført ulike rekruttering og kompetansetiltak, og ikke minst bidratt mye på å styrke møteplasser og nettverksarenaer som har bidratt til økt samarbeid og deling i næringslivet.

Kommunen har tatt et aktivt eierskap til næringsvennlig kommune og satt næring høyt på agendaen ved blant annet å bruke mer tid på næringsteamet, besøke flere bedrifter og delta på ulike prosjekter for å styrke dialogen med næringslivet. Programmet har ok måloppnåelse på arbeidsplasser. Det er innrapportert totalt 57 nye og sikrede arbeidsplasser pr 2023 mot mål på 69, det er ikke gjennomført innrapportering i 2024.

Det er en stor aktivitet i programmet med mange søknader og prosjekter som gjør det krevende å ha kapasitet til å rekke over alt. Programmet går inn i de 2 siste årene og man bør vurdere hvordan man vil prioritere og spisse innsatsen i denne fasen. Det bør vurderes om man skal prioriteres sterkere på hvilke prosjekt som iverksettes/får støtte i siste del av programmet, og om det er noen satsinger som skal løftes som kan ha varighet utover programmet.

For å sikre fortsatt god fremdrift og arbeid i omstillingsprogrammet er det viktig at man avklarer roller og grensesnitt opp mot Sykkylven Næringsutvikling for å sikre god samhandling, unngå misforståelser og uklare forventninger. Det er viktig at programmet starter prosjekt forstudie videreføring av omstillingsarbeidet i 2025 etter Innovasjon Norge sin mal, og det anbefales å trekke på nøytral part i dette arbeidet gjennom ekstern prosjektleder».

(Sluttrapport programstatusvurdering, 2024).

Anbefalingar for 2025, frå programstatusvurdering:

1. Spissing - vurdere å spisse innsatsområder og aktiviteter i siste del av programmet, slå sammen enkelt områder. Vurdere om man skal prioritere sterkere på hvilke prosjekt som iverksettes/får støtte i siste del av programmet, f.eks. prosjekt som har større potensial, satsinger utover møbel, økt fokus på hovedprosjekt/kommersialiseringsfase og mindre på forstudie/forprosjekt i siste fase av programmet

2. Kommunikasjon - vurdere framtidig organisering av kommunikasjonsarbeidet, runde med de andre «eierne» av prosjektstilling på kommunikasjon om hva de tenker om framtidig rolle. Vurdere oppdatering av kommunikasjonsplan siste periode av omstilling, hvordan ønsker vi å kommunisere hva programmet har bidratt til - «ettermæle». Se kommunikasjonsarbeidet opp mot endring i kommunen sin kommunikasjonsplan.

3. Styret - sikre bruk av hele styret og at det er nok tid til å drøfte viktige tema på styremøtene. Styret bør drøfte videre hvordan man kan bidra med ambassadør rolle mellom styremøtene for å støtte programleder. Profilere styret på nettside/LinkedIn

4. Kapasitet - vurdere ambisjonsnivå og type tiltak/prosjekter i handlingsplan 2025 opp mot kapasitet i programmet. Vurdere hvilke miljø man kan spille på lokalt/regionalt for eventuelt å styrke kapasitet og kompetanse til å gjennomføre planlagte aktiviteter.

5. Videreføring – sikre gjennomføring av forstudie videreføring av omstillingsarbeidet i 2025.

6. Oppfølging prosjekter - sikre tilstrekkelig tid og kapasitet til å følge opp prosjekter som har fått støtte for å sikre realisering, invitere bedrifter til å presentere sluttrapporter på styremøte/samlinger.

7. Forankring - sikre forankring i kommunestyret ved å be om nok tid til gjennomgang på nyåret ved godkjenning av ny handlingsplan (bidra til økt fokus og kunnskap om omstillingsprogrammet og næringsarbeidet i kommunen).

8. Samarbeid/nettverk - drøfte hvilke samarbeidsarenaer/nettverk som er viktig å prioritere fremover og sikre varighet på etter omstillingsperioden som del av styreseminar/handlingsplan 2025.

9. Sosiale møteplasser - vurdere tiltak i handlingsplanen for 2025 innenfor sosiale møteplasser for å styrke bo- og bli lyst, f.eks. kvinnenettverk, U40, osv.

10. Bærekraft - vurdere tiltak i handlingsplan 2025 på tiltak opp mot bærekraftig reisemålsutvikling, vurdere om dette er et område programmet skal prioritere.

11. Organisering – for å sikre god fremdrift fremover er det viktig å avklare roller og grensesnitt opp mot Sykkylven Næringsutvikling for å sikre god samhandling, unngå misforståelser og uklare forventninger.

Finansiering, budsjett og innvilgingsstatus 2024

Omstillingsprogrammet er finansiert gjennom midlar fra Fylkeskommunen og kommunen. Ambisjonen er ei finansiering på 5,4 millionar per år i 6 år, for 2024 såg finansieringa slik ut:

Finansiering	2024
Møre og Romsdal fylkeskommune	3 400 000
Sykkylven kommune	2 000 000
Overføring frå 2023/mindreforbruk	1 600 000
Total	**7 000 000**

Tildelinga i frå Møre og Romsdal fylkeskommune var i 2024 på 3,4 millionar kroner. Ramma på omlag 7 millionar kroner var fordelt slik:

Innsatsområde	Program-aktivitet	Søkbare midlar*	Admin.**	Admin.SK***	Totalramme
Skaparglede i Næringslivet	1.440.000	1.200.000	300.000	250.000	3.190.000
Opplevingsnæringar	470.000	700.000	150.000	100.000	1.420.000
Samarbeid og nettverk	540.000	0	250.000	0	790.000
Attraktive Sykkylven	850.000	0	200.000	300.000	1.350.000
Overheadkostnader	0	0	250.000	0	250.000
Totalt	**3.300.000**	**1.900.000**	**1.150.000**	**650.000**	**7.000.000**

*Søkbare midlar er midlar øyremerka søknadar i frå bedrifter til utviklingsprosjekt. Det vil vere tilgjengelege midlar å søkje på i frå andre strategiområde også, men der er gjerne midla retta mot både aktivitetar som omstillingsprogrammet initiera og prosjekt i frå bedrifter.

** Administrasjon innfattar proaktivt arbeid og prosjektoppfølging av programleiar, her løn til programleiar, møtekostnadar og møtegodtgjersle knytt til møter, kurs, styrearbeid, samt husleige.

***Administrasjon Sykkylven kommune innfattar timar brukt til prosjekt i omstillingsprogrammet frå styreleiar, kommunedirektør og andre administrativt tilsette i kommunen som blir engasjert i slikt arbeid.

Vedtekne bevilga tilsegn aktivitet og prosjekt per innsatsområde i 2024

Innsatsområde	**Tilsegn 2024**	Tilsegn 2023
Skaparglede i Næringslivet	**2.474.693**	1.467.305
Opplevingsnæringar	**729.630**	525.396
Samarbeid og nettverk	**150.000**	230.000
Attraktive Sykkylven	**881.036**	400.000
Totalt	**4.235.359**	2.622.674

Kommentar til budsjett og innvilga tilsegn til aktivitet og prosjekt: Det vart eit mindre forbruk enn forventa i 2024, det skyldast dels at to større prosjekt vart utsett til 2025, dels eit mindre SMB Utvikling-program enn planlagt med færre deltakarar og dels lågare aktivitet i bedriftsutviklingsprosjekt enn forventa.

Inntekter og utgifter 2024

Kommentarar inntekter og utgifter: Tabellen «Kjende inntekter og utgifter 2024» synar det som er innvilga i frå omstillingsprogrammet i 2024, og det som er innvilga i medfinansiering til omstillingsprogrammet i 2024. Denne tabellen inneheld informasjon som kjem i tillegg til rekneskapen ført av kommunen, den synar det vi veit har blitt gitt av tilsegn.

Prosjektinntekter som står oppført i 2024 består av tilskot i frå Innovasjon Norge, dei er med og delfinansiera enkelte prosjekt og større programaktivitet, dette er midlar som kjem i tillegg til totalramma på om lag 7 millionar. Tilskot i frå Innovasjon Norge kjem inn når prosjekt er rapportert ferdige, alle inntektene her i frå er difor ikkje synlege i kommunerekneskapen for 2024.

Viser til førre kapittel der ein ser at det vart eit mindre forbruk enn forventa i 2024, det skyldast dels at to større prosjekt vart utsett til 2025, dels eit mindre SMB Utvikling-program enn planlagt med færre bedrifter og dels lågare aktivitet i bedriftsutviklingsprosjekt enn forventa, samt et større prosjekt som er utsett. Vi tek difor med oss eit mindreforbruk på om lag 1,3 millionar inn i 2025, som blant anna vil øyremerkast dei utsette prosjekta.

Kjende inntekter og utgifter 2024 (per 29.1.25)	
Inntekter	**2024**
Sykkylven kommune eigenandel	2.000.000
Møre og Romsdal Fylkeskommune	3.400.000
Prosjektinntekter (eksterne tilsegn Innovasjon Norge)	345.518
Mindreforbruk 2023, overført til 2024	1.600.000
Sum inntekter	**7.345.518**
Kostnadar	
Innvilga aktivitetar (inkl. totale kostnad ved eksternt tilsegn)*	**4.235.359**
Administrasjon**	1.150.000
Administrasjon Sykkylven kommune***	650.000
Sum kostnadar	**6.035.359**
Resultat til vidare programarbeid****	**1.310.159**

* Prosjekt der Innovasjon Norge (IN) er inne og delfinansiera, her er det rekna totalkostnad for prosjektet. Det samsvarar da med prosjektinntekter i frå IN.

**Administrasjon innfattar proaktivt arbeid og prosjektoppfølging av programleiar, her løn til programleiar, løn til styreleiar og prosjekteigar, møtekostnadar og møtegodtgjersle knytt til møter, kurs, styrearbeid, samt husleige.

***Administrasjon Sykkylven kommune innfattar interne ressursar i kommunen sine timar brukt til aktivitet i Omstillingsprogrammet.

****Mindreforbruk settast på ein fondskonto og blir tilgjengeleg for omstillingsprogrammet i 2025.

VEDLEGG

Innvilga prosjekt i bedrift/nettverk

Søker	Prosjekt	Type prosjekt	Kostandsoverslag	Søknadsbeløp	Bevilget beløp	Status
Møre Miljø AS	Gjenbruk og mestrings Hub Sykkylven	Forstudie	kr 330 800	kr 156 400	kr 156 400	Bevilget
Sandella Fabrikker AS	Markedskartlegging nye produkter	Forstudie	kr 320 000	kr 160 000	kr 160 000	Bevilget
Hole Geoscanning AS	Utvikling nytt tjenestetilbud – teknologivurderinger	Forstudie	kr 239 200	kr 119 600	kr 119 600	Bevilget
Næringsfabrikken	BusinessMeetUp	Forstudie	kr 200 000	kr 100 000	kr 50 000	Bevilget
Næringsfabrikken	Utvikling for økt antall arbeidsplassar	Forstudie	kr 200 000	kr 100 000	kr 100 000	Bevilget
NF Cowork AS	Fagskule, kurs- og kompetansesenter	Forstudie	kr 200 000	kr 100 000	kr 100 000	Bevilget
Formfin Møbler AS	Mulighetsstudie	Forstudie	kr 388 100	kr 195 050	kr 195 050	Bevilget
Marconnect AS	MarSurvive	Forprosjekt	kr 400 000	kr 200 000	kr 140 000,00	Bevilget
Rekoringen Sykkylven	Lokalmatutsalg	Forprosjekt	kr 300 000	kr 150 000	kr 150 000	Bevilget
Tettstadprosjektet	Lysa på	Forstudie		kr 15 000	kr 15 000	Bevilget
Tettstadprosjektet	POP UP x Aure	Hovedprosjekt	kr 195 000	kr 125 000	kr 125 000	Bevilget
SINL	TF UNG	Forprosjekt	kr 255 500	kr 100 000	kr 100 000	Bevilget
Ekornes og Slettvoll	Tekstur-studietur Fæbrikstad	Forstudie	kr 100 000	kr 50 000	kr 50 000	Bevilget
SNAKKAST	Rekruttering - romjulstreff	Forstudie	kr 150 000	kr 50 000	kr 50 000	Bevilget
PC Support Eiendom	Gamle Fauske Landhandel	Forstudie	kr 200 000	kr 100 000	kr 100 000	Bevilget
PlussLab	Prosjektledelse bedriftsnettverk TEKSTUR 2.0	Forprosjekt	kr 28 000	kr 28 000	kr 28 000	Bevilget
PlussLab Testsenter	Oppstart	Hovedprosjekt	kr 815 000		kr 350 000	Bevilget
Brennevinsgrova	Brennevinsgrova 2.0 Nytt produksjonsbygg	Forprosjekt	kr 200 000	kr 99 000	kr 99 000	I behandlir

Diverse klipp frå 2024

BrobygGEN - workshop med Trude Falck Bjånes

Aug 28, 2024

Kan brubygging på tvers av generasjonar løne seg for bedriftene? Workshop oppsummert:

‹ Aktuelt

Gründer

Jord & Fjord lokalmatutsal

June 25, 2024

Fredag under Sykkylvsdagane opna lokalmatutsalet Jord & Fjord i dei «gamle lokala til Sol Café» i Sykkylven sentrum. Med raud løpar på plass var det ingen tvil om at det var kvalitetsprodukt å finne i lokala.

Norsk Industri Søk Arbinn Logg inn Bli medlem Meny

Norsk Industri / Bransjer / Designindustrien / Nasjonalt testsenter for møbel og tekstil åpnes

Nasjonalt testsenter for møbel og tekstil åpnes

Teko, Designindustrien
Publisert 22.01.2025

Den 28. januar åpnes Plusslab Testsenter AS, som er navnet på det nye testsenteret eller laboratoriet for testing av møbler og tekstil etter europeiske og andre kvalitets- og sikkerhetsstandarder.

‹ Aktuelt

Prosjekt

Potensiale for gode løysingar i møbelindustriens gjenbruksprosjekt

February 9, 2024

Pål Erik Haraldsen frå Norsk Tekstilgjenvinning var førre veke på besøk hjå fleire av våre lokale møbelbedrifter. Tekstilavfall er ei stor utfordring, og fleire er no samla eit prosjekt for betre avfallshåndtering, med industriell symbiose tankegang.

Diverse klipp frå 2024



Diverse klipp frå 2024

Diverse klipp frå 2024

Arne Aagaard Bangstad · 1.
Prosjektleder for offentlige prosjekter og instruktør i p...
10md. · Redigert ·

Mandag og tirsdag var jeg på besøk i Sykkylven for å snakke om #prosjektmetodikk! Mandag formiddag var ansatte i bedrifter som Ekornes, Nyborg AS, Pla-Mek AS og andre i Sykkylven Næringsutvikling nysgjerrige på hvordan de kan utføre sine prosjekter bedre.

På ettermiddagen var hele 38 ansatte i SYKKYLVEN KOMMUNE møtt opp for å diskutere den brede porteføljen av prosjekter en kommune har i gang til enhver tid. Oppvekst, helse, IT, stabsfunksjoner og teknisk var alle godt representert og ivrige etter å diskutere bedre utførelse av prosjekter!

Tusen takk for engasjementet - det var skikkelig gøy å møte så mange flinke mennesker! Takk også til Næringsfabrikken for flotte lokaler! Er du interessert i #coworking i Sykkylven kan du vanskelig få bedre utsikt og bedre fasiliteter!

15 2 kommentarer • 1 innlegg lagt ut på nytt

Lise G. Haukeberg · Du
Programleder/Sykkylven kommune
4md. ·

Krevende tema, inspirerende case og deilige, nybakte scones på morgenkvisten Næringsfabrikken i går ☕ Bra oppsummert Hedda Nordby Krogstad 👏♻️👇

Hedda Nordby Krogstad · 1.
Kunderådgiver i Innovasjon Norge
4md. · Redigert ·

Lærerik dag i Sykkylven i går! I utrolige kule lokaler på Næringsfabrikken, med herlig vertskap. Vi fikk:
--> en intro om Grønt Industriløft Møre og ... mer

Lise G. Haukeberg · Du
Programleder/Sykkylven kommune
10md. ·

Om rekruttering og omdømmebygging

Drift og daglig drift er viktig. Et annet viktig fokusområde er rekruttering og omdømmebygging.

For å sikre drift og eksistens også i framtida er det lurt å jobbe med de folka man har, sørge for at de trives, ønsker å bli og at de forteller videre 🗣️ og det er lurt å jobbe med å tiltrekke seg de nye folka som man også skal ha ombord for å utvikle virksomheten videre.

Omdømmebygging er langsiktig arbeid, både for en region og for hver enkelt virksomhet. Vi mener det er viktig å drive med omdømmebygging, derfor var vi til stede i Oslo i går på vår region sin rekrutteringsmesse. Privat og offentlig virksomhet 👏🙌

Bonus med slike sammenkomster er at vi får nettverka regionalt og lokalt også, som ikke er så dumt det heller! 😅

Takk for laget Sykkylven Industri- og Næringslag Næringsfabrikken Ekornes SYKKYLVEN KOMMUNE Sykkylven Næringsutvikling - moro å «selge» Sykkylven og regionen sammen med dere 😅🫶🙌

Og takk for at dere orger og samler oss, gjengen bak BLI MED HIT! Møre og Romsdal 🤩🫶




50 5 kommentarer • 2 innlegg lagt ut på nytt

Lik Kommenter Legg...på nytt Send

2 280 eksponeringer Vis